



## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 03.02.2020  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Det vert styringsgruppemøte for nytt nærings- og tenestesenter etter formannskapsmøtet

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2020	Godkjenning av møteprotokoll
003/2020	Referatsaker
004/2020	Orienteringssaker
005/2020	Forskrift (dato) om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune.
006/2020	Prosjekt - arbeid til alle, drøftingsframlegg
007/2020	Tilbud om kjøp av fibernettet i Modalen kommune

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/314

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 001/2020

#### FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

#### FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/314

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
002/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 002/2020

#### FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

#### FOR - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet -26.11.2019

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/314

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
003/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
003/2020.1	NVE åpna vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teidalsvassdraget
003/2020.2	Åpning av vilkårsrevisjon i Steinslands-Modalsvassdraget
003/2020.3	Møtebok frå representantskapsmøte møte i IKTNH 17012020

### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 003/2020

#### FOR - behandling:

Ordførar orienterte om referatsakene. Formannskapet oppmoda ordførar om å bruke LVK som rådgjevarar i prosessen med vilkårsrevisjon i Stenslands - Modalsvassdraget. Samrøystes vedteke

#### FOR - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

NVE åpner vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget

Åpning av vilkårsrevisjon i Steinslands--Modalsvassdraget

REPR Møtebok 17012020

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/314

<b>Saknr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
004/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 004/2020

#### **FOR - behandling:**

Kristin Nåmdal etterlyste ny runde med innsamling av landbruksplast. Ann-Jorunn Farestveit informerte om at det er vanskeleg å selje denne plasten no, då markedet er metta. Alternativet er å få plasten levert som avfall hjå NGIR. Administrasjonen skal ta dette vidare med landbruksjefen for å sjå på moglege løysingar.

Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-080	20/6

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

**Forskrift (dato) om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune.**

## Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek å leggje framlegg til «Forskrift (dato) om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune» ut på høyring i 4 veker, med påfølgande handsaming i kommunestyret.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Kommunelova slår fast at kommunestyret skal gje forskrift om folkevalde si rett til dekking av utgifter og økonomisk tap, arbeidsgodtgjering, ettergodtgjering og permisjonar.

### Vurdering

Modalen kommune har tidlegare hatt reglement for godtgjering av folkevalde, sist revidert 02.05.19. For å imøtekomme krava i kommunelova (§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10) vert det med dette lagt fram forslag til forskrift.

### Konklusjon

Rådmannen rår til at vedlagte framlegg til forskrift vert lagt ut til offentleg gjennomsyn i 4 veker, med påfølgande handsaming i kommunestyret.



## **Formannskapet - 005/2020**

### **FOR - behandling:**

Assisterende rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek å leggje framlegg til «Forskrift (dato) om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen kommune» ut på høyring i 4 veker, med påfølgande handsaming i kommunestyret.**

### **Vedlegg:**

Forskrift om godtgjersle til folkevalde, framlagt for FORM 3. febr 2020

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA-X61	20/19

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020

## Prosjekt - arbeid til alle, drøftingsframlegg

### Forslag til vedtak:

Skriv inn forslag her

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Modalen kommune ynskjer å arbeide målretta for at fleire som er i fare for å felle ut av / ikkje får tilgang til ordinært arbeidsliv på ulike vis kan få høve til å ta del. Prosjektet vil søkje å aktivere og aktivisere ressursar i lokalmiljøet. Gjennom å etablere avdeling/føretak som kan syte for god og allsidig inkludering kan ein leggje til rette for deltaking utifrå den enkelte sine føresetnadar/behov. Me vil på noverande tidspunkt ikkje vere meir spesifikke på kven målgruppa er – viktig at ein når ut breidt før ein evt. snevrar inn.

Det vil kunne vere meningsfylt å kunne ha eit tilbod innad i Modalen kommune med føremål å drive ulike samfunnsnyttige aktivitetar som t.d. lettare vedlikehaldsoppdrag, skog-/stirydding, tilrettelegging for kommune/innbyggjarar, kompetansebygging mellom menneske m.m. Dersom eit slikt tilbod kan driftast gjennom kommunalt tenesteapparat eller føretak kan dette gje motivasjon i kvardagen til innbyggjarar som ynskjer å vere i arbeidsretta aktivitet.

Prosjektetidèn omhandlar å gjennomføre eit forprosjekt kor ein skal:

- kartlegge moglege målgrupper
- vurdere ulike moglegheiter for organisering
- vurdere kva omfang, evt. samarbeidsformer
- vurdere innhald
- vurdere driftsform og finansiering

Ein skal i sluttrapportet til forprosjektet gjere ei vurdering av om det er grunnlag for å setje prosjektidèen i drift (varig / avgrensa). Dersom mogleg; leggje fram plan for etablering og gjennomføring.

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at Modalen kommune bør gjennomføre første fase i eit utviklings-/prosjektarbeid med føremål å utforske moglegheitar for å etablere eit varig tilrettelagt tilbod til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje får tatt del i ordinært arbeidsliv. Slik kan me som samfunn nyttiggjere oss alle innbyggjarane sine verdifulle kompetansar, restarbeidsevner, samt at me kan dele kunnskap mellom ulike menneske. Rådmannen trur dette vil tilføre verdi til heile lokalsamfunnet, og at det er eit viktig steg i folkehelsearbeidet og inkluderingsamfunnet.

Rådmannen ynskjer å drøfte saka i formannskapet for få innspel og evt. å sikre gjennomføring av eit prosjekt med brei politisk deltaking. Drøftinga i formannskapet vil vonaleg danne utgangspunkt for å fremje sak for næringsfondsstyret om finansiering av forprosjekt.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet drøftar saka og på det viset styringsretning for prosjektidèen i fortsetjinga.

## **Formannskapet - 006/2020**

### **FOR - behandling:**

Assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. Formannskapet var positiv til å gå vidare med prosjektet.

Rådmann låg fram forslag til vedtak i møte. Samrøystes vedteke.

### **FOR - vedtak:**

Formannskapet er positiv til prosjektet, og bed administrasjonen kome tilbake med ei næringsfondstyresak til handsaming og vedtak i kommunestyret

### **Vedlegg:**

Prosjektmandat - arbeid til alle, drøftingsframlegg FORM 03.02.20

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-N64	20/9

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020
007/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

## Tilbod om kjøp av fibernettet i Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek å selje fibernettet, som kommunen eig og har bygd, ut til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.

Rådmann og ordfører får fullmakt til å gjennomføre salet og skrive kontrakt/salsavtale med Bergen Fiber. Det skal kome fram i avtalen at Bergen Fiber A/S forpliktar seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar på same vilkår som kommunen gjer i dag.

Saka skal tilbake til kommunestyret for avgjersle dersom det endelege tilbodet frå Bergen Fiber A/S, etter befarung av fibernettet, avviker negativt frå det førebelse tilbodet på kr 1.884.000,-

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Modalen kommune og Bergen Fiber har jamnlege samarbeidsmøter om fibernettet i Modalen, som kommunen er eigar av. I møte 11. okt 2019 kom det fram at Bergen Fiber var interessert i å gje kommunen eit tilbod om å kjøpe fibernettet frå kommunen, og såleis overta alle rettane til fibernettet samt overta alle kostnader knytta til stolpeleige, drift, vedlikehald, reperasjonar og framtidige oppgraderingar og utbyggingar.

15. nov 2019 kom Bergen Fiber med tilbod til kommunen om kjøp av fibernettet for kr 1.884.000,- eks mva. Bergen Fiber ynskjer å gjennomføre befarung av kvaliteten på nettet før ein evt kjøpsprosess vert fullført. Tilbodet er berekna utifrå Kr 12.000,- eks mva pr aktive kunde, basert på 157 aktive kunder på tilbodstidspunktet. Bergen Fiber vil i tillegg forplikte seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar med same praksis som Modalen kommune har i dag. Dette vil seie at Bergen Fiber vil dekke tilkoplingskostnader på inntil kr 15000,- pr kunde, og kunden må dekke kostnader utover dette.

Rådmannen har informert Bergen Fiber om at saka må opp til politisk handsaming og avgjersle.

Utbygging av fiberbasert breiband til husstandane i Modalen var oppe til politisk handsaming i 2008 og 2009(sjå vedlegg). I kommunestyresak 025/09 gjorde kommunestyret vedtak om å starte utbygging, og ein godkjende ei investeringsramme for utbygging på kr 5.880.000,-. Av rekneskapsoversyn frå 2008 og 2009(sjå vedlegg) kan ein finna bokførte utgifter på tilsaman kr 6.260.000,-. I tillegg er det bokført om lag kr 1.200.000,- i rekneskapet for 2010 til utbygginga. Totalt vert dette om lag kr 7.460.000,-

#### **Vurdering**

Modalen kommune er i dag den einaste kommunen i BKK/Bergen Fiber sitt nedlagsfelt der kommunen sjølv er eigar av fibernettet. I alle andre kommunar er det operatøren av nettet som eig fibernettet. Årsaka til at kommunen stod bak og finansierte utbygginga her i kommunen, er nok hovudsakleg at BKK/Bergen Fiber ikkje såg det som rekningssvarande å byggje ut fiberbasert breiband i Modalen, med omsyn til det låge talet på moglege abonnentar. Tilbodet frå Bergen Fiber gjenspeglar dette, då kjøpesummen vil vere om lag 1/4 av det det kosta kommunen å byggje ut nettet i si tid.

Per i dag betaler Bergen fiber aksessleige til kommunen pr abonnent for bruk av fibernettet. Denne leiga er i 2020 på om lag kr 155 000,- årleg. Av faste utgifter på fibernettet betaler kommunen i dag om lag kr 28 000,- årleg til Modalen kraftlag i stolpeleige/fellesføringsavgift for at fiberen heng i kraftlaget sine stolpar. I tillegg har kommunen ein avtale med BKK om drift og vedlikehald av fiberanlegget(sjå vedlegg). Denne avtalen har ein minimumskostnad for kommunen på kr 60 000,- i året for beredskap. Alle kostnader til arbeidstid, materiell, utrykking, reisetid og liknande kjem i tillegg etter avtalte satsar.

Slår ein saman inntekter og utgifter, ser ein at kommunen per i dag har ei årleg netto inntekt på om lag kr 67 000,- på å eige fibernettet sjølv, dersom ingenting uforutsett skjer som krev vedlikehald, reparasjonar, oppgraderingar og liknande. Ein salssum på kr 1884.000 vil såleis tilsvare om lag 28 års framtidige årlege inntekter for kommunen.

Fordelar ved å selje nettet vil vere at kommunen vil få tilbake om lag ¼ av investeringskostnadane frå 2008 – 2010, samt at ein vidare i åra framover ikkje får utføresette kostnader med reparasjon, vedlikehald, oppgraderingar og liknande. Dette er kostnader som er vanskeleg å spå omfanget av og dermed budsjettere med. Det er likevel på det reine at det ikkje skal store hendingar til før ein har større årlege utgifter på nettet enn inntekter. Eit sal kan såleis spare kommunen for store utgifter i framtida.

Det er vanskeleg å sjå store bakdelar for kommunen ved eit sal av fibernettet. Eit sal vil sjølvstøtt føre til at kommunen mister råderetten over framtidig utviding, utbygging og utvikling av fibernettet, men Bergen Fiber vil forplikte seg til å levere til nye fastbuande kundar på same vilkår og praksis som kommunen har i dag. Innbyggjarane vil difor truleg merke lite eller ingenting til eit eigarskifte.

#### **Konklusjon**

Drift av fibernett ligg utafor kommunen sine kjerneoppgåver og kompetanseområder, noko som krev kjøp av tenester til alt arbeid som skal utførast på nettet. Rådmannen vurderer at det ved eit sal av fibernettet vil vere langt fleire fordelar enn bakdelar for Modalen kommune. Kommunen har oppnådd det ein ville med den store investeringa i infrastrukturen til fibernettet, og kan såleis ved eit sal få tilbake om lag ¼ av kostnadane. I tillegg vil eit sal spare kommunen for framtidige kostnader til reparasjon, vedlikehald, oppgraderingar ol, som både er vanskeleg å forutsjå eit evt omfang av og budsjettere med.

## **Formannskapet - 007/2020**

### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek å selje fibernettet, som kommunen eig og har bygd, ut til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.**

**Rådmann og ordfører får fullmakt til å gjennomføre salet og skrive kontrakt/salsavtale med Bergen Fiber. Det skal kome fram i avtalen at Bergen Fiber A/S forpliktar seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar på same vilkår som kommunen gjer i dag.**

**Saka skal tilbake til kommunestyret for avgjersle dersom det endelege tilbodet frå Bergen Fiber A/S, etter befaring av fibernettet, avviker negativt frå det førebelse tilbodet på kr 1.884.000,-**

### **Vedlegg:**

Avtale om drift og vedlikehald av fiberanlegg  
Politiske saker fibernettet 2008 og 2009  
Rekneskap investering fiberbreiband 2009